

Varsel om oppstart av detaljreguleringsplan for Lofthus brannstasjon

I medhald av plan- og bygningslova § 12-8 varslar Ullensvang kommune oppstart av detaljreguleringsplan for Lofthus brannstasjon. Eigedomar innanfor planområdet er gnr/bnr 176/1, 176/56, 176/57, 176/77 & 176/106.

Forslagsstillar: Ullensvang kommune

Planstatus og føremål:

Arealet er avsett til sentrumsformål med hensynssone H_910 og H_510 i gjeldande kommuneplan for Ullensvang Herad, planID 12312008001. Omsynssone H_910 er at gjeldande reguleringsplan framleis skal gjelda. Omsynssone H_510 er at ein skal ta omsyn til landbruk.

I Reguleringsplan for Lofthus (planID 12311982001) er arealet avsett til jord og skogbruk.

Føremålet med planarbeidet er å leggje til rette for etablering av ein ny brannstasjon på Klokkgargarden, med nødvendige bygg, parkering, manøvreringsareal og tilkomstløysingar, slik at brann- og redningstenesta får tenlege og framtidsretta driftstilhøve på Lofthus.

Planavgrensing ligg vedlagt som fil og kan sjåast på kommunekart.com i kartlag "reguleringsplan under arbeid".

Grunnlagsdokument:

Vedlagt varsel om oppstart av detaljreguleringsplan følgjer eit grunnlagsdokument som er retningsgjevande for vidare planarbeid.

Ullensvang kommune vurderer at planen ikkje er omfatta av *forskrift om konsekvensutgreiing*. Vurderinga finn ein i grunnlagsdokumentet.

Merknader til varsel om oppstart

Merknader og innspel som kan ha innverknad og/ eller vere av interesse for planarbeidet skal sendast skriftleg til Ullensvang kommune på e-post: postmottak@ullensvang.kommune.no og merkast med "Detaljreguleringsplan for Lofthus brannstasjon, planID 46182025006" eller via heimesida til kommunen.

Frist for å kome med innspel er sett til: 03.02.2026.

Spørsmål om planarbeidet kan rettast til Ullensvang kommune ved Håvard Apold på e-post: haavard.apold@ullensvang.kommune.no eller på telefon: 95497907